



Erling Brattlid
Flatøyvegen 104
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1048 - 14/3504

Saksbehandlar:
Ingrid Moe
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:
19.03.2014

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på eigedomen gnr. 1 bnr. 355

Saka gjeld:

Det blei gitt løyve til oppføring av garasje på eigedomen gnr. 1 bnr. 355 datert 17.02.12. Vedtaket blei påklaga av Ståle og Linda Andersen, eigar av gnr. 1 bnr. 348, i brev datert 26.02.12 og frå Geir Andersen, eigar av gnr. 1 bnr. 216 i elektronisk post til Meland kommune datert 29.03.12. Fylkesmannen oppheva kommunens vedtak 26.09.12, på grunnlag av at saka ikkje vart godt nok opplyst i høve muren.

Meland kommune fekk tilsendt søknad om løyve til oppføring av mur 10.09.12. I brev datert 22.01.14 blei De informert om at søknaden vart mangelfull, og bedt om å sende inn manglande dokumentasjon. De fekk ein frist til 01.03.14 å sende inn komplett søknad. Då kommunen ikkje fekk naudsynt dokumentasjon innan fristen, blei søknad om mur og garasje avvist i vedtak datert 12.03.14. Søknadene ga ikkje naudsynte opplysningar for at Meland kommune kunne realitetsbehandle søknadene.

Meland kommune er kjend med at både muren og garasjen er oppført utan at det er gitt løyve. Med heimel i pbl. § § 25-1 og 31-7, føretok kommunen ei synfaring av eigedomen. Til stades på synfaringa var representant frå Meland kommune.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt:

Grunnboka syner at De er heimelshavar til eigedomen. De er difor ansvarleg for å retta opp i det ulovlege tilhøve.

Følgjande tiltak vurderast som ulovleg på eigedomen:

- Mur sør-vest på eigdommen som er fundament til garasje
- Garasje



Varsel om pålegg om retting:

Med heimel i pbl § 32-2, blir De nå varsla om at:

- Ulovleg oppført garasje må rivast og terrenget må tilbakeførast til opphavleg terrengnivå og tilplantast.
- Ulovleg mur må rivast og terrenget må tilbakeførast til opphavleg terrengnivå og tilplantast og skal bestå av naturleg vegetasjon som er typisk for området og slik det var før inngrepet.

Frist for å tilbakeføre dei nemnde byggjetiltaka vert sett til **19.05.14**

Meland kommune skal underrettast skriftleg når arbeidet er tilbakeført. I tillegg må det sendast inn biletedokumentasjon.

Viss ikkje alle dei ulovlege tiltaka blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak kor vi pålegg Dykk å føyre tilbake dei nemnde forhold i medhald av pbl § 32-3.

Pålegg om riving/føyre tilbake tiltak vil eventuelt bli gitt i eit særskild vedtak (brev) når tidsfristen er ute.

Varsel om tvangsmulkt:

Med heimel i pbl § 32-2, gjer Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av løpande dagsmulkt, dersom det ulovlege tiltaket ikkje er tilbakeført og kommunen ikkje har mottatt dokumentasjon på dette, innan 12-05-14 jfr. Pb. § 32-5.

Løpande dagsmulkt vil i så fall bli gitt i eiga vedtak (brev) når tidsfristen er ute.

Innsending av søknad:

De har høve til å sende inn søknad om løyve innan gitt frist. Søknaden må vere komplett og skal nabovarslast. De må kontakte kvalifisert føretak som kan stå som ansvarleg for søknaden jf. Pbl. § 20-1. Sjå også brev frå Meland kommune datert 22.01.14.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande regelverk. Dette er ikkje å rekna som ein førehandsgodkjenning av tiltaket. Viss søknaden blir godkjent, vil sak angående ulovlege tilhøve bli avslutta.

Andre opplysningar:

Vi gjer Dykk merksam på at det er eigars ansvar å sørgje for at reglane i pbl blir overhalde.

Oppfølging av ulovlege tilhøve vil utløyse gebyr etter gjeldande gebyrregulativ for Meland kommune.

Kommunen opplyser elles om at brot på plan- og bygningslova kan føre til ansvar etter straffelova, jf. pbl § 32-9. Kommunen vil vurdere om det er grunnlag for å melde saka til politiet.

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde forelegg etter pbl § 32-6. Et slikt forelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar, jf. § 32-7.

Dine rettar:

De har rett til å uttale Dykk før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Frist for uttale vert sett til 4 veker frå brevets dato, jf. pbl 32-2. Meland kommune oppfordrar Dykk til å ta i bruk retten.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Ingrid Moe
byggjesakskonsulent/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Andersen

Linda og Ståle Andersen

Flatøyvegen 90 5918

Flatøyvegen 102 5918

FREKHAUG

FREKHAUG

Mottakere:
Erling Brattlid

Flatøyvegen 104 5918

FREKHAUG